Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Heskestad

Emne: 8 Beit og Brom. | Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom | Gard:

(adresse): Heskestad | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det har vore nytta slikt for i bygda før, og det vert enno brukt på sume gardar i vårknipa. Björk og selje.

2. Å risa. Vart ikkje nytta serskild slede. Å firma skovved. Tre til å skava borken av.

3. Lyng har vorte nytta til for. Vart gjerne slegen ein fin solskinsdag seinhaustes, eller og ein godversdag om våren straks etter at snöen var faren. Skav (borken av serskilde treslag) og ris vart nytta fram etter vinteren. Heile tre vart köyrde heim (osp, raun og selje) og hoggi små. Kvislane vart nytta til beit, og dei tjukke trestykka vart skavne borken av. Dette arbeidet vart mange stader gjort inne i stova. Det har og vore skikk å köyra heim i tunet nemnde treslag så sauene kunne gnaga borken av dei. Brom vart henta tidleg om våren av björk og selje.

4. Øks og sigd vart nytta ved henting av beit og brom. Til skaving vart brukt bandkniv eller skavkniv (   )

8406

5. Det var helst kuene som fekk dette foret slik som riset og skavet var utan finhakking.

6. Riset vart gjerne kvista i vedskolet, men skavvyrket vart som tiast teke inn i stova, og karfolket skav om kveldane. Sauene vart slepte bort i beitkosten for å gnaga borken sjølve.

7. Kjenner ikkje denne skikken her i bygda.

25/11-1953.

13. Dionne har eg her teke med lyngslåing og skav. Desse emne ser eg at det er serskilde sp. om. Utgreiing vil koma seinare om desse emne.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8406